



LAWO  
CLASSICS

Kjell Habbestad  
**Quattro stazioni**

Vertavo | Björn Nyman |  
Sveinung Bjelland

# Quattro stazioni

Tittelen på denne utgjevinga refererer til Strykekvartett nr. 1, med same namn. Men den kan òg stå som ei overordna nemning på dei fire verka representerte på plata, fire stasjonar i komposisjonsverksemda, fire ulike tilnærmingar til musikalsk uttrykk i tid og rom/stad. Reisa startar i 1989 med Strykekvartett nr. 1 – *Quattro stazioni*, og endar i 2013, med Strykekvartett nr. 2. Mellom desse stasjonane (om enn i omskift rekkjefølgje på CD'en) kjem så *Air d'éte suédois* for klarinettkvintett (2009) og *Divertimento* for klarinett og piano (2010).

Det første verket, Strykekvartett nr. 1 – *Quattro stazioni*, tek utgangspunkt i geografisk konkrete stasjonar: Holon i Israel, Roma i Italia, Kirkwall på Orknøyane og Vassenden i Hardanger, Noreg – i form av melodisk tradisjonsmateriale som har oppstått desse stadene: ein samaritansk song, ein gregoriansk sekvens, ei melomdalrhytme og ein slått. Same tilnærming, med musikk bygd på eksisterande melodimateriale, gjerne (svært) gammalt, har eg nytt i ei rekkje verk.<sup>1</sup>

Det andre verket, Strykekvartett nr. 2, hentar derimot sitt utgangspunkt i eit tekstgrunnlag; poesi av ulike forfattarar, med ulikt affektinhald frå sats til sats. Dikta, eller diktarane, har seg imellom ingen samanheng. Her vert soleis ikkje gjort freistnad på å fortelja ei framflytande soge, eller formidla nokon utanommusikalsk bodskap. Tekst er gjerne utgangspunktet i vokalmusikk. Her er same prinsipp overført til det instrumentale, ved at eg skriv ein 'song'. Når denne er framkomen som melodisk, harmonisk og rytmisk heilskap, takkar eg for tekstfylgjet, forlet teksten som berebylgje, og freistar ikkje eingong erindra kva den handla om – medan instrumentalsatsen vert vidareutvikla.<sup>2</sup>

Det tredje verket, *Air d'éte suédois*, tek steget vidare, og syftar på å formidla ein tekstleg bodskap gjennom musikk. Dette er ei musikalsk forteljing som ynskjer å skildra sjelstilstand og handling. I dette tilfellet er det naudsynt å la verket fylgjast av ein programtekst, som attgjeven nedom. Ideen er gammal; den finst alt i antikken, og vart mykje dyrka i romantikken, m.a. av Liszt,

Berlioz, Smetana og R. Strauss i nemningar som 'programmatiske symfoniar', 'symfoniske dikt', eller 'songar utan ord'.<sup>3</sup>

Siste verket på plata, *Divertimento*, er derimot 'fritt' frå både musikalsk og tekstleg opphavsmateriale, men opptek seg til ein viss grad av klassiske formprinsipp; i dette tilfellet sonatesatsforma.<sup>4</sup>

Desse fire stasjonane har vore særslig aktive igangsetjarar for min musikk, ja, alle fire er òg verksame i den musikken eg skriv i dag.

Så til dei enkelte verka.

## Strykekvartett nr. 1 – *Quattro stazioni*, op. 21 (1989)

Reisa finn sin utgangsstasjon i Midtausten, og endar opp i det høge nord, og fylgjer soleis ei mogleg rute for utviklinga av vår eigen musikktradisjon.

### 1. stazione: Samaria (Impetuoso)

Den første stasjonen hentar sitt musikalske materiale frå ei lita folkegruppe, samaritanane, som lever i to separate samfunn, i Nablus og Holon i Israel. Samaritanane har greidd å bevara seg sjølv og sine særigne tradisjonar i meir enn 2000 år.

Samaritanane er i hovudsak ei fundamentalistisk sekt som lever ifylge lovene i Toraen eller Pentateuen, det hebraiske namnet på dei fem Mosebøkene, men ikkje ifylje seinare profetiske og rabbinske skrifter, som har forma den normative jødedomen. Dei har alltid budd i Israel, aldri vore i diaspora, men til gjengjeld vore hundsa av dei skiftande regime oppgjennom tidene. Etter siste verdskrig var dei i ferd med å bli borte som eiga folkegruppe. Folketaket er no 810 menneske (faktisk ei dobling sidan 1984, då eg vitja dei) – omlag likt fordelt mellom den bibelske byen Sichem, no kalla Nablus, religiøs og politisk hovedstad, og eit grannelag i byen Holon i utkanten av Tel Aviv. Gruppa i Nablus hevdar dei har budd der frå Salomos tid. Den heilage staden deira er det bibelske fjellet Garizim, rett utom Nablus, der den årlege påskehøgtida med dyre-ofring framleis finn stad.

I 1984 gjorde eg altså ei studiereise til samaritanane i Holon. Det var eit forvitneleg møte. Dei var ikkje kledd i liturgiske gevantar, men i jeans og t-skjorte. Men syngra kunne dei, med tonar som frå ei anna tid, så ein fekk kjensla av at 'det ein såg, var ikkje det ein fekk' –. Shomron, som dei kallar seg (opphevet til namnet Samaria) var synleg stolte av sin særlege tradisjon (kanskje litt for stolte, sidan dei berre tillet giftarmål innan folkegruppa, som på den tid talde omlag 400 personar

–). Dei syntre òg fram gjestebøker og bilete av andre komponistar og musikkforskarar som hadde vitja dei, og synt interesse for tradisjonen deira, m.a. Krzysztof Penderecki og John Paynter. Eg hadde ein god samtale med dei, og gjorde ei mengd optak av songen deira. Å notera den ned, var ei større utfordring. Hverande sats tek difor utgangspunkt i ei nedteikning gjort av den israelske musikkforsken Ruth Katz.<sup>5</sup>

Songen *Kal tab* var opphavleg sungen på den tredje sabbaten i kvar månad, etter lesinga av tekstutsnittet frå Pentateuen. No til dags vert den sungen ved feiringar som brudlaup, omskjerding eller andre familiære høgtider. Samaritanane sjølv klassifiserer songen som 'tung' og påpeikar dei utstrekte *qifufim*, eller 'kurvene/bøyngane' den inneheld. Det musikalske materialet er avgrensa i vesentleg grad til tre tonar. Den sentrale tonen vert kraftig vibrert, eller handsama med ein serie ornament, som triller, 'risting' og glissandi-utrop, alt som respons på, og fargelegging av, syntaksen (den liturgiske teksten) sine retoriske og emosjonelle eigneskapar. Songarane har litt varierande bakgrunn, enten dei er frå Nablus eller Holon, lekmenn eller tradisjonslærde, unge eller gamle, og når dei synge saman, 'kvar med sitt nebb,' oppstår dissonansar i form av simultant høge og låge øvre og nedre ledetonar, cluster osb.

I denne særigne, eldgamle songtradisjonen startar så mi musikalske vandrings, med utgangspunkt i ein enkel tone: A. Heile førstesatsen krinsar ikkje denne tonen, og alt som elles skjer må reknast som utsmykking eller kontrapunkt til denne 'Alfa'. Opphavsmaterialet er i seg sjølv så ornamentert, og eig ein så spesiell karakter at eg ville la det leva sitt eige liv, utan for mykje kunstla inngrep. Sjølv poenget – at musikken tek utgangspunkt i ein einaste tone, gjer at eg heller ikkje introduserer modulasjonar eller framande tonalitetar.

Eks. 1: Frå opninga av *Kal tab*.



## 2. stazione: Roma (Affettuoso)

Startpunktet for denne satsen er den gregorianske sekvensen *In exitu Israel de Aegypto*. I herverande kontekst skildrar satsen snarare ein kulturemigrasjon frå Israel til – Roma. Det har vore forska mykje på korvidt gammal jødisk musikk er ei av kjeldene til den gregorianske songen. Musikkforsken Yehezkel Braun, som eg òg hadde glede av å møta på reisa til Israel i 1984, meiner at dette er sannsynleg.<sup>6</sup> Kristendomen oppstod i palestinsk/jødisk omgjevnad i tida kring øydelegginga av templet i Jerusalem (år 70). Det er rimeleg å tru at liturgien til dei første kristne tok utgangspunkt i synagogetradisjonen. Og sjølv om somme av desse trekk vart tilsløra opp gjennom tidene, meiner Braun det òg kan vera mogleg å finna spor av sekundær jødisk påverknad frå seinare dato.

Den første freistnaden på å tilskriva eit jødisk opphav til ein gregoriansk melodi vart gjort av Martin Gerbert.<sup>7</sup> I det første kapitlet skriv han: «*Est vero singularis melodia psalmi CXIII, In exitu Israel de Aegypto, forte e synagoga repetenda.*» Gerbert refererer her til ein av psalmodi-toneartane som vart nytta; ein ganske spesiell ein, nemleg Tonus Peregrinus, (den ‘framande’ eller ‘utanlandske’ tonen; av lat. *peregrinus* “framand, utlending). Denne spesielle tonearten er ganske sjeldan og bruken er avgrensa til attgjevinga av Salme 114<sup>8</sup>: «Då Israel drog ut or Egyptarland, Jakobs hus frå eit folk med framand tunga, då vart Juda hans heilagdom, Israel hans rike.»

Dette, hevdaar Yehezkel Braun, er den einaste av dei gregorianske salmetonane som har ein ‘vandrande

tenor’ (resitasjonstone). Ved første halvparten av verset er resitasjonstonen A og i andre halvdelen G. Tonus Peregrinus er særleg viktig, sidan liknande strukturar er ganske vanlege i ulike jødesamfunns tradisjonar. Den jødiske versjonen av same salma ifylgje tradisjonen til litauiske jødar korresponderer nesten note for note med den gregorianske versjonen. Er dette berre eit samantreff?

Eks. 2: Den gregorianske versjonen av Salme 114:

Eks. 3: Den jødiske versjonen av same salme:

I strykekvarteren har eg nytta dette *In exitu*-utgangspunktet for å flytta meg frå Israel til Roma, eller overført, frå ein til to tonar, frå A til G. I tillegg har eg brukt ein teknikk som i eksposisjonen fordeler temaet mellom dei ulike stemmer i strykekvarteren:

Ei slik oppdeling opnar for fokusering på kvart av dei melodiske småmotiv, gjerne berre beståande av éin repetert, eller to tonar, og desse motiva vert vidareutvikla i kvartetsatsen. Ulikt første sats har eg gjennomgående skifta tonalitet, for slik å freista gje den musikalske progresjonen inntrykk av å vera i konstant rørsle, eller vandring (*in exitu*).

## 3. stazione: Orknøyane (Misterioso)

Også dei gregorianske sekvensane og kyrkjetoneartene er på vandring – ut or Roma, opp igjennom heile Europa. Grunnlaget for denne stasjonen er ein annan raritet. Medan dei to første utgangspunkt har vore einstemmige og uakkompagnerte, framstår her ein tostemmig hymne,

Eks. 2: Den gregorianske versjonen av Salme 114:

Eks. 3: Den jødiske versjonen av same salme:

## Eks. 4: Temaet fordelt mellom dei ulike stommene

frå Orknøyane; St. Magnus-hymnen.<sup>9</sup> Hymnen, som består av sju strofer, er den eldste kjende ‘polyfone’ utsæting i dei nordiske landa (Orknøyane var under Noreg på den tida) datert til år 1280. Dei to stommene rører seg i parallele tersar, og dannar soleis ein meir naturleg og klangrik harmonikk enn den meir teoretiske polyfonien frå same periode. Tersen som intervall var framleis ikkje av teoretikarane tolerert som konsonans; for ikkje å snakka om to etterfylgjande durtarsar! Det er difor rekna med at St. Magnus-hymnen er resultat av folkeleg tradisjon, meir enn ei utvikling mellom klosterbrødre. Melodien har likevel vorte nytta, om ikkje i ein offisiell liturgisk kontekst, så i det minste i kyrkjeleg samanheng.

St. Magnus-hymnen er tileigna Magnus den heilage. Hymnen har sju strofer. Forfattaren er ukjend. Magnus jarl vart drepen i 1115 og fekk helgenstatus i 1135. Hymnens liturgiske funksjon er uviss, men tradisjonelt ville ein slik hymne bli brukt i tidebønene tilknytte helgenens minnedag, i dette tilfellet 16. april.

## Eks. 5: St. Magnus-hymnen

Nobilis, humilis, Magne martyr stabilis,  
Habilis, utilis, comes venerabilis  
Et tutor laudabilis, tuos subditos  
Serva carnis fragilis mole positos.

Edle, audmjuke, standhaftige Magnus martyr,  
dugande, nyttige, ærverdige fylgesvein,  
og rosverdige verner: Hjelp dine trugne,  
som lever under børa av det skrøpelege kjøtet!

Denne satsen presenterer originalmaterialet gjenomgående (minimalt endra) i dei to midtstemmene (2.-fiolin og bratsj) som 'plystrande' overtonar eller flageolettar (fløyteliknande klangar) utan vibrato (senza espressione), medan dei to andre stemmene (1.-fiolin og cello) dannar eit varmt kontrapunkt (espressivo) i begge stemmer, og får soleis utforma ein samtidskommentar til den opphavlege hymnen.

#### 4. stasjon: Hardanger (*Giocoso*)

Tilnærminga til siste sats er Vassenda-slåtten. Erik Medås (f. 1769) som budde på Vassenden i Granvin, Hardanger, spela denne hallingen som var oppkalla etter han. Slåtten vart seinare nemnd Rotneims- eller Røtnams-Knut, etter dansaren Knut Rotnheim frå Gol i Hallingdal. Dette var hans slått når han 'dansa laus'. Men me har kjennskap til slåtten endå før dette. På sjølvvaste julaftan i 1695 kunne stadsmusikant Poul Kroepelien og Henrich Meyer, ein elev av han, oppleva denne musikken, som kom 'ut or berget' på garden Kyrkjebykjeland ved Bergen. Denne utgåva, som Meyer noggrant nedskrev under titelen *Underjordisk musikk*, eit ei enklare og meir primitiv form. Slåtten vart i 1740 utgjeven av Johann Mattheson, Bachs forleggjar, under det oppsiktsekkjande oppslaget: *Etwas neues unter der Sonnen! oder Das Unterirdische Klippen-Concert in Norwegen.*<sup>10</sup>

Konstruksjonen i Vassenda-slåtten er ei samansett todelt form, der kvar av delene består av mindre deler. Tonalitetten er eit kyrketonaalt modus (importert frå Roma,

via England) – det lydiske, som introduserer den heva kvarten (tritonus) og har vorte eit særige trekk i norsk folkemusikk. (Lydisk har dermed to leietonar, ein til grunntonen og ein til kvinten, og er soleis 'meir dur enn dur!') Harmonikken, forma av bondemusikantar, var vidare så radikal at samtidige komponistar nølte i meir enn 100 år med å gjera seg bruk av den. Slåtten har òg eit rikt kontrapunkt; frå tid til anna òg dobbelt kontrapunkt.

I denne satsen, som i den første, har eg halde meg særst tett til opphavsmaterialet, i ei setting med kanon på underkvart. Det som opphavleg var spela på hardingfele er delt på 1. og 2.-fiolin og imitert i bratsj og cello. Sidan slåtten inneheld ein heil del kvantar, og også den forstørra kvarten (tritonus) er desse trekk ofte siterte. I den repetitive delen rett før rekapsulasjonen, vert så den samaritanske *Kal tab* gjennomtrotta – samaritansk musikk som kontrapunkt til hardingfeleslått – for å 'festa trådane', fullföra sirkelen.

Strykekvartetten vart tinga av Bergens Kammermusikkforening med midlar frå Det Norske Komponistfond, og urframført i Troldsalen i 1991.

### String Quartet No. 2, op. 91 (2013)

Denne kvartetten, 24 år og 70 opus seinare, tek heilt andre utgangspunkt; i *ord*, og ikkje i tonar som finst frå før. Fire heilt ulike tekstrunnlag utgjer materialet, utvalde etter bodskap, stemningsinnhald, atmosfære, men her berre meint 'til innvortes bruk', som eige inspirasjonsgrunnlag, og ikkje som direkte kommunikativt materiale. Om denne kvartetten kan soleis kort forteljast at

#### 1. sats: *Allegro espansivo*

tek utgangspunkt i (deler av) eit dikt av den karibisk/franske diktaren Saint-John Perse (Alexis Léger) (1887-1975): Amers (*Ein vekselsgong om kjærlheten og havet*.)

Det musikalske materialet løyser seg i prosessen ganske fort frå grunnlaget og lever sitt eige liv. 'Koralen' etter satsens kulminasjonspunkt er ikkje verken eit musikalsk eller tekstleg sitat, men vaks seg fram som eit naudsynleg punktum for satsen.

#### 2. sats: *Adagio e molto tranquillo*

Langsamsatsen byggjer (vesentleg nærmere) på eit dikt av den austerrikske ekspresjonisten Georg Trakl (1887-1914): *Abendländisches Lied* (Vesterlendsk song.) I denne settinga let nok dei med jamne mellomrom repeterande konstruksjonane seg høyra, alle innleia med eit «O...» (Å...) (attgjeve unison i fiolin): «O der Seele nächtlicher Flügelschlag...» (Å, di sjels nattlege vengeslag), «O, der uralte Ton des Heimchens...» (Å, den eldgamle ljuden av grashoppa) «O, das sanfte Zyanenbündel der Nacht...» (Å, mjuk natt med bundlar av kornblomar), og så bortetter.

#### 3. sats: *Scherzo: Allegro giocoso*

I denne scherzoen spørjer norske André Bjerke (1918-1985) attom, med sine Morovers; vittige rim, regler og ordleikar for born. *Scherzo* (spør) er gjerne definert som eit humoristisk musikkstykke med livleg karakter. Satsen tek utgangspunkt i og kombinerer to av barnerima, den noko triste(!) *Bedrøvet fugl* (han som heiter Pindia-Pampistiko-Pampibanon, og er bedrøva fordi han eigentleg ikkje finst; men som, fordi vi har diktat han, kanskje «fins allikevel!») og – *Det er sant at jeg fant i en swing fire ting*; nemleg «en stav og et skjold og en sko og en ring» – der det mellom anna blir fastslege at «paven eier staven».

#### 4. sats Finale: *Allegro energico*

Siste satsen er bygd som ei quasi fuge på den jødiske poeten Paul Celan (1920-1970) sine dikt *Todesfuge* (Dødsfuge) og *Espenbaum* (Ospetre). Paul Celan (pseudonym avleia av hans eigentlege namn, Paul Antschel) kom frå Cernauti, Bukovina i Romania. Familien Antschel hamna i konsentrationsleir, begge foreldra vart drepne, medan Celan sjølv vart utfria av sovjetiske styrkar i 1944. Her, som i alle dei utanlandske dikta i kvartetten, har eg støtta meg til den norske poeten Olav H. Hauge sine addiktningar. I ein merknad skriv han: «Paul Celan er ein vanskeleg diktar, og vart meir og meir førdig og kryptisk; å setja diktet hans um er vel umogeleg, dei må lesast på tysk.» Ein lakkisk merknad (typisk Olav H. Hauge) – før han altså går i gang med arbeidet.

Båe dikta er særst mørke, og beskriv hendingane i ein tysk konsentrationsleir. *Todesfuge* vart publisert i 1948. Strukturen reflekterer ei fugeform med di frasane vert introduserte, repeterte, kombinerte og møter mottema (kontrapunkt), samanlikbart med den musikalske genren. Rytmien er eit sterkt element i diktet, som opphavleg var kalla *Death Tango*, med eit gjennomberande preg av daktyle og trokiske rytmar. Diktet, som er framstilt utan teikn (komma eller punktum), men introduserer ein stor bokstav her og der – startar med eit *oksymoron* (språkfigur som kombinerer to ord til ein paradoxal kontrast): «Schwarze Milch» (svart mjølk). Mjølk er livgjevande, men svart er ho dødbringande. Det kan henda at Celan her og refererer til Klagesongane i Det gamle testamentet: «Sions hovdingar var reinare enn snø, kvitare enn mjølk, raudare i holdet enn korallar; som safir såg dei ut. Myrkare enn svart hev dei vorte å sjå til, ein kann ikkje kjenna dei att på gata.» Klag. 4, 7-8.

#### Opningstema:

«Svart morgonmjølk me drikk ho um kvelden  
me drikk ho middag og morgen me drikk  
ho um natti  
me drikk og drikk...»

får, både innhaldsmessig og rytmisk driva fram fuetemaet, medan

«me grev ei grav ut i lufti der ligg ein  
ikkje trøngt...»

bryt oppbygginga for ei tid, og gjer at ikkje heller mi fuge er gjennomført og heil, men vert stadig avbroten i utviklinga av det musikalske materialet.

«han flyter jødane sine ut og byd dei grava ei  
grav i jordi  
han byd oss spel upp no til dans ...»

Me har ofte hørt at det i konsentrationsleirar vart danna fangeorkester til å spela for sine leirsjefar og bødlar, (jf. og Olivier Messiaens *Quatuor pour la fin du temps*). Det at offera i *Todesfuge* vert tvungne til å laga musikk og dansa, påminner samstundes om eksiljodane i Babylon som vart oppmoda av fangevaktarane til å syngja: «På vier-runnane der i landet hengde me harpone våre; for der bad dei oss syngja, dei som heldt oss fanga, og dei som plaga oss, bad oss vera glade: Syng åt oss av Sions songar! Korleis kann me syngja Herrens song på framand jord?» Salme 137,2-4.

Eks. 6: Opninga av Vassendaslåtten (Røtnams-Knut).



«ein mann bur i huset ditt gylne hår Margarete  
ditt oskegrå hår Sulamith han leikar med ormane ...»

Saumlaust og utan førevarsle er først Margarete, og sådan Sulamith inne i satsen; noko som er attspeglad med stor dynamisk kontrast, frå det voldsmøme og brutale, til det myke og vare. Det gylne håret til Margarete står i grelt kontrapunkt/kontrast til det oskegrå håret til Sulamith (som vert fortært av flammane). Margarete kan referera til heltinna i Goethe's *Faust*, medan Sulamith er ein figur frå *Høgsongen*, metaforar for høvevis tyskarar og jørar.

Satsen endar med ein meditasjon over diktet *Espenbaum* (Ospetre) med same emnekritis, no orientert kring sorga over mora som ikkje overlevde konsentrationsleirane: «Meiner Mutter Haar ward nimmer weiss» (Mors hår vart aldri kvitt...) »Meine blonde Mutter kam nicht heim» (Den ljosleitte mor mi kom ikkje heim).

Verket vart tinga av Oslo Internasjonale Griegfestival og urframført av Vertavo i Nasjonalgalleriet 2. mai 2013.

Medan eg i opninga av presentasjonen av Strykekvartett nr. 2 med tyngd hevda at tekstragmenta ikkje skulle koma ålmenta til gode; ser eg no at eg i større og større grad har kjent trøngen til å dela bodskapen med meg, særleg i den ovan omhandla sistesatsen. Så får denne stå som ein overgang til neste verk, som nettopp nyttar tekst, og ynskjer å formidla den gjennom musikk.

### Air d'été suédois, klarinettkvintett, op. 85 (2009)

er basert på ein novelle av August Strindberg (1849-1912) i *midsommartider*, og er altså ei musikalisk forteljing som ynskjer å skildra handling og sjelstilstand. Novellen opnar soleis: «I midsommartider, då jorden står brud i Nordanlanden, då marken hon gläds, då källan ännu springer, då ängens blommor stå raka och fåglarne sjunga, det var då som duvan kom från skogen och satte sig utanför stugan...»

Eg fekk tinginga frå Vamlingbofestivalen på Gotland i 2009. Sidan me har opplevd den gleda å finna vårt sommarparadis i Värmland, ynskte eg å kvittera med ein lovesong til Sverige; ein svensk sommarsong. Utgangspunktet eg fann – for å lesa meg inn i svensk atmosfære og miljø – var August Strindbergs saga *I midsommartider*. Ikkje minst titelen på sagaen gjorde at den peika seg ut.

Ved gjennomlesinga synte den seg likevel å ikkje ute-lukkande vera ei lovprising til sommaren. Like mykje hadde den eit mørkt drag – ei minning frå ei tid med fattigdom og naud, både til kropp og sjel. Strindberg utviklar ei halvt surrealistisk, eventyrlinskande historie; ein slags svensk versjon av H. C. Andersen sitt eventyr «Piken med svovelstikkene». NATUREN, sommaren, blomane, fuglane, alt er såre herleg og fagert, men menneska eig ikkje den same lukka. Den fattige mora og dottera, etterletne av husbonden, sjømannen, som ikkje kjem heim, dreg på ei eventyrlinskande ferd. Dei passerer gjennom seks grindar, korav tre er inkluderte i komposisjonen; stadene der klarinetten intonerer frå niente (ingenting). 'Grind-motivet' minner for øvrig om det internasjonale folkeeventyret som på norsk heiter «Manndattera og kjerringdattera» (Asbjørnsen og Moe). Dei vandrar til sist inn i byen, som syner seg å vera folketom. Alt står der som om det er forlete på kort varsel. I ei litra «stuga» står ei open kiste med ei brur som til fanychtes har venta på brudgomen sin. Kista er omgjeven med eit hav av blomar. Dei går ned til hamna. Der kjem eit kvitt skip inn, utan nokon ombord. Dei entrar skipet og vert henta ut – i tomme lufta, også den omgjord til ei blomeeng. Og den vesle seier: «Vad är det, mamma? Är det himmelrik som duvan sjöng om? Vad är himmelrik, mamma?» Og mora svarar: «Det är ett ställe, barn, där alla människor är vänner, där ingen sorg och ingen ofrid är. – Då vill jag komma dit, sade barnet. – Det vill jag också, sade den trötta, övergivna, prövade modren.» Så fylgjer den svenska folkevisa Jag vet en dejlig rosa.<sup>11</sup>

Arbeidet med dette verket fall saman med ei trist hending i venekritisen; då den 31-årige sonen til gode vene av oss tapte kampen mot kreftsjukdomen. Om den opphavlege planen var at stykket skulle vera ei kjærleikserklæring til Sverige, so vart det det såre i det fagre som fekk råda.

Verket vart dedisert til Ragna og Trond Dahlen, og sonen Andreas sitt minne. Kampen, vandrings, dei ulike portane, skipet, himmelen, rosa; alt fekk på sett og vis overføringsverdi. Og – ikkje minst Sverige, som fekk ein ny aktualitet for våre vene, då dei kjøpte eit torp i Fagerbol i Värmland. Som ei rose på Andreas' grav, og for å koma vidare i livet. Ein stad der minnene kunne veksa og saknet kunne bløma til noko godt.

Air d'été suédois. Svensk sommarluft, eller sommatone. I moll, men or moll kan det sanneleg veksa dur. I første omgang iallefall ein dursekst – i siste akkorden.

Jag vet en dejlig rosa och vit som liljeblad,  
när jag på henne tänker så görs mitt hjärta glad.  
Dess stämma ger en hjärtans tröst  
lik näktergalens blida röst,  
så fager och så ljuv.

Som solen fagert skiner är hon som purpur klar.  
Gud låt dig aldrig sörja, men alltid vara glad.  
Må de få komma samman  
med hjärtans fröjd och gamman,  
som längta till varann.

Verket var tinga av Erik Wahlgren med støtte frå Det Norske Komponistfond, og urframført ved Vamlingbo kammarmusikfestival, Gotland i juli 2009.

### Divertimento, op. 86

vart tinga av Emil Jonason som oppfylgjar til klarinettkvintetten Air d'été suédois. Til skilnad frå dei to ovanstående verk, er dette ubunde av programinnhald.

Sidan eg i undervisningsgjerninga ved Norges musikhøgskole i det siste i større grad har fordjupa meg i sonatesatsforma, fann eg at det kunne vera interessant å utprøva denne som komposisjonsmetode. Men – i dette tilfellet gjekk det slik som vår kjende barneforfattar Alf Prøysen (1914-1970) skildrar det i visa *Julepresangen*, der vesle Jensemann strevar og snikrar på noko som skal bli eit sybord til mor, men mislukkast i eino, så det først blir ei kiste, så berre eit skrin, ei øskje, eit fuglebrett, og til sist ei spekefjøl –.

Stykket har ein stor opnande gest med hovudtema og ei sidetemagruppe på tre. Men, grunna tidsrammer og varighet, vart gjennomføringsdelen ganske komprimert – og stykket manglar det meste av rekapitulasjonen. I staden følgjer ein utbygd Coda. Stykket fortente difor ikkje nemninga klarinetsonate, men lydde det mindre forpliktande namnet *Divertimento* (frå it.: *divertire*, som tyder å underhalda) altså eit stykke med underhal-dande og munter karakter.

(Så muntert vart det vel heller ikkje –.)

Kjell Habbestad

### Notar:

<sup>1</sup> Jødisk/jemenittisk utgangspunkt: *Jabal*, op. 14, 3 *Høgsonger for låg røyst*, op. 12 og *And I John*, op. 17. Gregoriansk utgangspunkt: *Jubal*, op. 4, orgelkonserten *Ave Maria*, op. 11, *iLUXit*, op. 23, *Stabat Mater dolorosa*, op. 40, *Hymni*, op. 48, *Psalmi*, op. 70, *Den fagreste rosa*, op. 60, *Exaudi*, op. 77, *A solis ortus cardine*, op. 78, *Gaudemus*, op. 79, dels i *Konsert for obo og orkester*, op. 89 og *Kva er då eit menneske*, op. 93. Norrøne kvad er nytta i *Mostraspelet*, op. 9. Mellomaldermusikk i *Orgelsuite*, op. 22b og *Eya, die ista*, op. 16. Norsk folkemusikk i *Etwas Neues unter der Sonnen*, op. 13 og *BosNOREGia*, op. 95, sistnemnde i dialog med bosnisk folkemusikk.

<sup>2</sup> Denne metoden er, forutan her, også nytta i *Konsert for obo og orkester*, op. 89.

<sup>3</sup> Same innfallsvinkelen nyttar eg i t.d. *Orpheus*, op. 34, (Ibsendikt), *Munchsuite* op. 53, (Munch-måleri og -dikt), *Angeli*, op. 63 (bibelstader) og saksofonkonserten *Un rêve Norvégien* op. 65 (*Draumkvædet*).

<sup>4</sup> Same vis er nytta i korverka *Cantica*, op. 1, *Eya, die ista*, op. 16 og oratoret *Ei natt på jorda*, op. 33; alle i ei chaconne-liksame form med eit harmonisk tema/akkordsyklos. Formprinsippet er også framtredande i *Introduction & Passacaglia* op. 18 (passacagliaform).

<sup>5</sup> Ruth Katz: *The reliability of oral transmission: The case of Samaritan Music*, i boka *Yuval*, Vol III, Jerusalem 1974, The Magnes Press, the Hebrew University. (Ruth Katz takkar f.ø. igjen Ruth Apel for hjelp med transkriberinga.)

<sup>6</sup> *Jewish music and Gregorian chant*, A paper read at the 17. annual conference for Jewish sacred music in Jerusalem, December 1975, Yehezkel Braun.

<sup>7</sup> I boka *De Cantu et Musica Sacra*, (1774).

<sup>8</sup> Det er nummereringsdivergens mellom Biblia Vulgata og den norske Bibelen, Psalmi CXIII samsvarar med vår Salme 114.

<sup>9</sup> Omhandla hjå Nils L. Wallin i *Hymnus in honorem Sancti Magni comitis Orchadiae*, Codex Upsalensis C 233.

<sup>10</sup> Arne Bjørndal: *Då ein høyrd 'underjordisk musikk'* på Kyrkje-Byrkjeland i Fana. Bergens Museums Årbok, 1945.

<sup>11</sup> Teksten, som finst i Kungliga Bibliotekets handskrivne visesamlingar frå 15- og 1600-talet, er seinare bearbeidd av Per Daniel Amadeus Atterbom og Alice Tegnér.

# Quattro stazioni

The title of this CD refers to *String Quartet No. 1*, which has the same name. But it can also stand as an all-inclusive name for the four compositions represented on the CD, four stations on my journey as a composer, four different approaches to musical expression in time and space. The journey begins in 1989 with *String Quartet No. 1 — Quattro stazioni*, and ends in 2013 with *String Quartet No. 2*. Between these stations (albeit in reverse order on the CD) are *Air d'été suédois* for clarinet quintet (2009) and *Divertimento* for clarinet and piano (2010).

The first work, *String Quartet No. 1—Quattro stazioni*, takes its starting point in some specific geographical locations: Holon, Israel; Rome, Italy; Kirkwall in the Orkney Islands; and Vassenden in the Hardanger region of Norway—in the form of traditional melodic material that arose in these places: a Samaritan song, a Gregorian sequence, a Medieval hymn and a Norwegian dance tune. I have used the same approach, with music built on existing (preferably very old) melodic material, in a number of compositions.<sup>1</sup>

The second work, *String Quartet No. 2*, takes its starting point in textual rather than musical material: the poetry of several authors and with contrasting emotional content from movement to movement. There is no connection between either the poets or the poems. My intention here is not to tell a story or to convey an extra-musical message. Most vocal music begins with a text. Here the same principle is applied to instrumental music in that I have written a 'song'. Once this has emerged as a melodic, harmonic and rhythmic totality I say "thanks for your help," abandon the text as a carrier wave and try thereafter to not even remember what it is about—while the instrumental work is further developed.<sup>2</sup>

In the third work, *Air d'été suédois*, I take a further step in that I try to communicate a textual message through music. This is a musical narration that attempts to depict the soul's condition and activity. To do this it is necessary that the music be supplemented with a program text, which is given below. The idea is old: it is found even in antiquity and was often used during the Romantic era by Liszt, Berlioz, Smetana, Richard Strauss and others who used such terms as programmatic symphonies», «symphonic poems» or «songs without words.<sup>3</sup>

The last work on the CD, *Divertimento*, is not built on either musical or textual materials drawn from other sources but is a work developed to some extent in accordance with specific classical formal principles, in this case sonata form.<sup>4</sup>

These four stations have played major roles in my work as a composer; indeed, all four are important elements of the music I write today.

Now we shall look more closely at each of these four compositions.

## ***String Quartet No. 1—Quattro stazioni, Op. 21 (1989)***

Our journey begins in the Mideast and ends up in the far north, thereby following a possible route for the development of our own music tradition.

### *First stazione: Samaria (Impetuoso)*

The first station takes its musical material from a small ethnic group, the Samaritans, who today live in two separate communities, namely Nablus and Holon in Israel. The Samaritans have managed to preserve themselves and their unique traditions for more than 2000 years.

The Samaritans are a fundamentalist sect that lives according to the laws of the Torah/Pentateuch, the latter being the Hebrew name of the so-called five books of Moses. They do not acknowledge the legitimacy of the later prophetic and rabbinic writings that have shaped normative Judaism. They have always lived in Israel, were never in exile, but at the price of being oppressed by a series of constantly changing political overlords through the years. After World War II they were on the verge of extinction as an identifiable ethnic group. Today they number 810 souls (actually a doubling since 1984, when I visited them)—with approximately equal numbers living in Sichem (the biblical name of what today is called Nablus), the religious and political capital, and a second community in Holon, a city near Tel Aviv. The group in Nablus claims that their people have lived there since the time of Solomon. They regard the biblical Mt. Gerizim, just outside of Nablus, as the holiest place on earth. It is here that they hold their annual observance of Passover, in the course of which even today they practice animal sacrifice.

In 1984 I made a study trip to the Samaritan community in Holon. It was a fascinating experience. They were not dressed in liturgical garb but in jeans and T-shirts. But how they could sing! As they sang tunes from a time far removed from ours, one got the feeling that 'what you saw was not what you got.' The Shomron, as they call themselves (the origin of the name Samaritan) were obviously proud of their unique tradition (perhaps a little too proud, since they allowed marriage only within the ethnic group). They also displayed guest books and pictures of other composers and music scholars who had visited them and shown interest in their tradition,

including Krzysztof Penderecki and John Paynter. I had a good conversation with them and made many recordings of their singing. Notating it, however, proved to be an insurmountable challenge. This movement of my quartet starts, therefore, with a transcription made by Israeli musicologist Ruth Katz.<sup>5</sup>

The song *Kal tab, Ex. 1* (see page 5) was originally sung on the third Sabbath of each month after the reading of a text drawn from the Pentateuch. Nowadays it is sung at wedding celebrations, circumcision ceremonies, and other family holidays. The Samaritans themselves classify the songs as 'heavy' and point to the extended *qifufim*, or 'the curves/varying shapes' it contains. The musical material is limited, for the most part, to just three tones. The central tone is either strongly vibrated or embellished with a series of ornaments such as trills, 'shaking' and glissandi-shouts—all as a response to and an embellishment of the rhetorical and emotional characteristics of the liturgical text. The singers have somewhat varying backgrounds: they are from either Nablus or Holon, laymen or learned, young or old, and when they sing together, 'each with his own beak,'<sup>6</sup> the result is dissonances in the form of simultaneous high and low upper and lower leading tones, clusters, etc.

So it is in this unique, ancient song tradition that my musical journey begins, with the starting point in one single tone: A. The entire first movement revolves around this tone, and everything else that happens must be seen as an embellishment or in counterpoint to this alpha. The source material is itself so richly ornamented, and possesses such a special character, that I wanted to let it live its own life, without too much interference from me. The central point—that the music begins with one single tone—also required that I not introduce modulations or other tonalities.

### *Second stazione: Roma (Affettuoso)*

The starting point for this movement is the Gregorian sequence *In exitu Israel de Aegypto*. In the present context it would be more to the point to say that it depicts cultural migration from Israel to Rome. There has been a lot of research dealing with the question regarding the extent to which ancient Jewish music is one of the sources of Gregorian chant. Israeli musicologist Yehezkel Braun, whom I also had the pleasure of meeting on my trip to Israel in 1984, thinks that this connection is evident.<sup>7</sup> Christianity arose in Palestinian/Jewish

surroundings near the time of the destruction of the second temple in Jerusalem (70 AD). It is reasonable to surmise that the starting point for the liturgy of the earliest Christians was the synagogue tradition. And even if some of these characteristics were obscured over a period of time, Braun thinks it may be possible to find traces of secondary Jewish influence dating from a later time.

The first attempt to identify a Jewish source for a Gregorian melody was made by Martin Gerbert.<sup>8</sup> In the first chapter he wrote, "Est vero singularis melodia psalmi CXIII, In exitu Israel de Aegypto, forte e synagoga repetenda." Gerbert is referring here to one of the church modes that was used. A quite special one, namely *Tonus Peregrinus* (the 'alien' or 'foreign' scale; from the Latin *peregrinus*, meaning "stranger, foreigner.") This special key is extremely rare; indeed, it is used only in connection with the opening words of Psalm 114:<sup>9</sup> "When Israel came out of Egypt, Jacob from a people of foreign tongue, Judah became God's sanctuary, Israel his dominion."

Yehezkel Braun claims that this is the only Gregorian tune that has a 'wandering tenor' (reciting tone). In the first half of the verse the reciting tone is A and in the second half it is G. *Tonus Peregrinus* is especially important, since similar structures are quite common in various Jewish traditions. The Jewish version of the same Psalm according to the tradition of Lithuanian Jews corresponds almost note for note with the Gregorian version. Is this a mere coincidence?

Ex. 2: The Gregorian version of Psalm 114 (see page 3).

Ex. 3: The Jewish version of the same Psalm (see page 3).

In the string quartet I have used this *In exitu*—the point of departure to transport me from Israel to Rome, or, figuratively speaking, from one to two notes, from A to G. In addition I have used a technique that in the exposition section divides the theme between two different voices in the string quartet:

Ex. 4: The theme divided between two voices, (see page 3).

Dividing the theme in this way makes it possible to focus on each of the motivic fragments, each usually consisting of either one repeated note or two notes, and these motives are then further developed in the course of the movement. Unlike in the first movement, I have frequently changed keys in an attempt to give

the musical progression a feeling of being in constant motion, or migrating (*in exitu*).

#### *Third stazione: The Orkneys (Misterioso)*

